

Så er det klart for ny, og venteleg også ein temperamentsfull skuledebatt. Den politiske dragkampen startar i Komite for oppvekst, kultur og idrett måndag. 4.februar og deretter følgjer formannskapet og kommunestyret opp.

Det er kommunestyret sitt vedtak frå juni i fjor om endringar i skulestrukturen, som er bakgrunnen for at saka kjem opp no. Innstillinga frå rådmannen viser endringar i seks skulekrinsar, tre av dei kjem allereie til hausten viss det blir vedteke.

Det skal sparast pengar i Kvinnherad kommune og talet på tilsette skal ned, har kommunestyret bestemt. Utifrå desse premissane har rådmannen ved kommunalsjef Asbjørn Skår føreslege fleire endringar.

Innstillinga ser slik ut:

- 1.** Elevane i Skarveland krins og tidlegare Holmedal krins får skuletilbodet sitt ved Valen skule frå 01.08.13. Kringsgrensene vert føreslegne endra i samsvar med dette. Skarveland skule vert nytta som del av Valen skule inntil Valen skule er bygd ut og tilrettelagd for alle elevane.
- 2.** Elevane i Sunde krins får skuletilbodet sitt ved Undarheim skule frå 01.08.13. Kringsgrensene vert føreslegne endra i samsvar med dette. Sunde skule vert nytta som del av Undarheim skule inntil Undarheim skule er bygd ut og tilrettelagd for alle elevane.
- 3.** Elevane i Ølve krins og Trå krins (5. – 7.årssteg) får skuletilbodet sitt ved Hatlestrand skule frå 01.08.13. Kringsgrensene vert føreslegne endra i samsvar med dette.
- 4.** Elevane frå Bringedalsbygda krins får skuletilbodet sitt ved Uskedalen skule frå 01.08.15. Kringsgrensene vert føreslegne endra i samsvar med dette.
- 5.** Ungdomsskuletilbodet for elevane i Halsnøy oppvekstområde vert samla ved Husnes ungdomsskule frå det tidspunkt Husnes ungdomsskule har kapasitet til alle elevane. Vurdering av dette vert å gjera i 2016.
- 6.** Ungdomsskuletilbodet for elevar frå Åkra skule vert lagt til Rosendal ungdomsskule når elevtalet går under ei fagleg forsvarleg grense. Vurdering av dette vert å gjera seinast 2017.

Opprusting av Uskedalen, Valen og Undarheim

I forslaget til vedtak heiter det vidare at «...Kvinnherad kommunestyre føreset at det vert utarbeidd planar for utviding og opprusting av Uskedalen, Valen og Undarheim skular, og at dette vert følgd opp med løyvingar i budsjett og økonomiplan».

I november 2009 sa eit knapt fleirtal i kommunestyret ja til endringar i skulestrukturen i Kvinnherad. Seinare vart det reist tvil rundt den økonomiske sida, og saka vart lagt vekk.

Av Kristian Hus

www.husnesnett.no